



## Referat møte i Team Hardanger (TH)

16.02.2022, 1700-2000, Hardangerfjord Hotel, Øystese

### Møtte:

Jan Tjosås, Kvam herad - leiar  
Mona Hellesnes, Ulvik herad  
Inge Håvard Aarskog, Ullensvang kommune  
Helene Lillebø, Ullensvang kommune  
Christel J. Kvamme, Næringshagen i Ullensvang  
Sigmund Vereide, Hardanger og Voss Næringshage  
Kjersti Bjørke, Hardanger og Voss Næringshage  
Administrasjon Hardangerrådet: Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo

### Sakliste

1. **Nytt "FLYTT TIL HARDANGER"**: Rekruttering/ Utdanning/ Kompetanse/ Felles bu- og arbeidsmarknad/ Jobb for 2/ Bulyst/ Bustadmarknad/ Omdøme

Hardangerrådet ønskjer eit nytt tilflyttingsprosjekt, og ber rådsordførar saman med administrasjonen å arbeida fram eit nytt prosjekt. Team Hardanger er herved utfordra til å koma med innspel til prosjektet.

Me søkjer konkrete resultat og målsetjingar som kan målast.

#### **Kva er viktig no?**

Korleis skal me spissa og gjennomføra eit slikt prosjekt denne gongen?

#### **Nye faktorar:**

- Det at heimekontor vert nytta meir enn før - er det ein fordel?
- Mange investeringar i distriktet tilseier at det må bu folk her.
- Det er ikkje arbeidsledigheit her
- Utdanningshubbar alle stader - er det bra? Digitalisering skaper moglegheiter, men er ikkje nødvendigvis løysinga

#### **Organisering av prosjektet:**

- Mindre omfang
- Annaleis finansiering
- Bruka tall og fakta som bakgrunn for oppbygging
- Kan eit lokalt rekrutteringsprosjekt i Ullensvang kommune bli regionalt i Hardanger?

#### **Meir attraktive saman:**

- Tilbud og variasjon er større i regionen enn det kvar kommune kan tilby
- Unngå intern kannibalisme - mange fleire arbeidsplassar enn arbeidstakarar
- Må få folk utanfor regionen til å flytta til Hardanger.
- Er me ein arbeids- og buregion, eller er avstandane for store?

#### **Fortsatt stor utfordring:**

- Me manglar bustader. Både i antal men også i variasjon. Til tross for at det stadig vert bygd nye hus og leiligheiter, er det bygd utruleg lite samanlikna med andre regionar.

- Korleis er utleigetilbodet?
- Me er ikkje er ikkje istand til å reprodusera oss sjølve
- Me må få arbeidsinnvandrara til å villa bu her.

#### **Kva skapar bulyst:**

- Aktivitet er veldig viktig for attraktivitet.
- Kven ønskjer me skal flytta hit?
- Me treng også fleire kulturar, det gjer regionen meir spennande og interessant.
- Kan reiselivet vera med å skapa bulyst med si marknadsføring av lokale aktivitetar?
- Kva kan heilårs reiseliv bety for attraktiviteten i Hardanger?
- **Å bli integrert er enormt viktig. Fokus på integrering og deling av informasjon!**

#### **Dette må me gjera:**

- Me må systematisera og prioritera.
- REKRUTTERING er viktig
- UTDANNING - også vidareutdanning/profesjonsendring. Samarbeidsavtalar.
- TILFLYTTING må vera eit resultat, utan kjem me til kort.
- Må jobba med barn heilt ned i barneskule. Integrera næringslivet i skuleløpet.
- Læreplassar og praksisplassar må på plass før utdanning.

#### **Kva er fellesskapsoppgåver? Kva er kommuneoppgåver?**

*Sakstilfang: [Kronikk v Arne Førde i Hordaland](#)*

Er me flinke nok til å spørje kvifor dei flytta hit, og kva dei vil ha meir/mindre av.

#### **Idear:**

Bygge samhald!

Kva med utleigebustader?

Kommunevertskap

Tillflyttar arrangement, der ein inviterer.

Leigemarknaden er vanskeleg. Kva har det å sei at Airbnb er meir attraktiv?

Husprisane stig - det godt nytt. Drivar for nybygging/opprusting.

Attraktiviteten er god, men er me flinke nok til å formidla dette?

Kan me bli meir attraktive med at reiseliv har fleire tilbud.

Muligheten for å vera aktiv er stor også i distriktet

Kva er gjort for å ha aktivitet heile året?

Er dette eigentlig eit rekrutteringsprosjekt ?- her går det så godt at me har ikkje nok folk.

System for å integrera nyinflytta

Me må bruka fordelane, f.eks lågare arbeidsgivaravgift, og ikkje eigedomsskatt.

Forslag til prosjektnamn:

## **Blid i Hardanger!**

### **2. Status Besøksforvaltning - Pilot: Hardanger /**

Status

Gjennomgang av forprosjekt og status no.

Hardanger bør samhandla, og ønskjer at TH er kontakt og forankringspunkt i kommunane.

### **3. Grøn Region Indre Vestland/ Oppfølging av sluttrapport**

Kva no?

Team Vestland - det må strukturast litt.

Kva med energibehovet for all planlagt aktivitet i Indre Vestland? Det burde vore rekna på.

Til samalikhing vil kystiltaka ha eit behov på 24Twh - det er umogleg. Kven skal bestemme kva og kven som skal verta prioritert?

Her må det koma statlege midlar.

Og kva med alle dei prosjektet som vil koma i framtida - som er gode og som må godkjennast?

I tillegg til energibehovet, så må det byggast kablar og linjer.

No skal ein ha like god straumtilgang alle stader, det som har vore vår fordel. Me som er kraftkommunar, me kan ikkje nekta dei, men me prøver å halda igjen.

Når alle vert heia på, manglar det i rikspolitikken å sjå på kva me kan klara?

Kva må til for å får nok straum?

Kva med eksport - den er på 75 Twh. Skal me eksportera alt? Då vil me ikkje ha billig kraft i framtida.

Burde me ikkje ta utgangspunkt i kva me kan skaffa, før me lagar debatt på kva me vil bruka.

Me ber om å utnytt krafta nærast kjelda, det gjev meir kraft og såleis meir berekraft.

Vi ønskjer at ein i vidare arbeid prioriterar endå hardare, f.eks 10 av prosjekta, så kunna gi midlar til dei som treng for realisering.

Det må takast VALG i denne straumdabatten me står i no. Då må me tora å seia nei til prosjekt.

Det manglar handlingsplan og prioritering manglar.

Kva er forpliktelsen for dette.?

Utfordring er det som går på tvers - her bør grensa vekk.

Kommunane må avklara si rolle, og då vil ein får prosessane igang.

Kommunane er store bidragsytarar for reiselivet. Er denne pengebruken rett og strategisk for å få næringa til å gå av seg sjølv?

Samarbeid viktig for å hala prosjekt til oss, og ha fokus på reiseliv og kraft. Fokuser på dette. Korleis får me ei stor stemme for reiselivet i Hardanger?

### **4. Reiselivsstrategi for Hardanger/ Innspel**

TH ønskjer ein felles reiselivsstrategi velkomen!

Me vil ta diskusjonane og søkja eit felles bilde på utfordringane

Må også sjå på kva ansvar kvar aktør må ta og kva som er fellesgoder og kommunalt ansvar.

Må ta inn føringar på f.eks infrastruktur.

Besøksforvaltning må vera del av reiselivsstrategien